

Høyring - gjennomgang av Rikskonsertane si verksemد

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Rapporten "Nye tider – nye takter. Ein gjennomgang av Rikskonsertane" vert teken til vitande.
2. Det vert tilrådd at Rikskonsertane held fram med å styrke si rolle som ressurs- og kompetansesenter for både skulekonsertar, barnehagekonsertar og offentlege konsertar, med eit særskilt ansvar for samordning og ressursutnyttinga av det samla konserttilbodet.
3. Rikskonsertane har ei utfyllande rolle i høve fylkeskommunen sitt programtilbod.
4. Kommunane si eigenbetaling pr elev for skulekonsertordninga vert omorganisert og samordna med innbetalinga til Den kulturelle skulesekken. I tillegg må kompensasjonen for turnélegginga av skulekonsertane aukast monaleg.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

1. Rapporten "Nye tider – nye takter. Ein gjennomgang av Rikskonsertane"

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Rapporten "Nye tider – nye takter? Ein gjennomgang av Rikskonsertene" er ein gjennomgang av Rikskonsertane (RK) si utadretta verksemd, der skule- og barnehagekonsertane, offentlege konsertar og utanlandskonsertane er hovudområda. Bakrunnen for gjennomgangen er at DIFI i februar 2009 fekk i oppdrag av Kultur- og Kyrkjedepartementet (KKD) å "foreta en gjennomgang av Rikskonsertene". I mandatet heiter det at gjennomgangen skal omfatte mål, strategiar, resultat og ikkje minst tilhøvet til samarbeidspartane og målgruppene, i tillegg til organisering, leiing, økonomistyring og utviklingspotensial.

Rikskonsertane sitt mål med verksemda er å gjere musikk av høg kunstnarleg kvalitet tilgjengeleg for flest mogleg, i tillegg til å fremje kunstnarleg utvikling og fornying, og verksemda skal vere målretta og utnytte ressursane best mogleg. I lys av dette gjennomgår rapporten Rikskonsertane si ressursutnytting og måloppnåing ved å peike på tre typar dilemma som Rikskonsertane møter.

- Korleis betre publikumsopplslutning og ressursutnytting utan at dette får konsekvensar for sjangerbreidde, nyskaping og dekningsområde?
- Bør tilhøvet mellom Rikskonsertane og fylkeskommunen halde fram slik den er i dag, eller bør fylkeskommunane overta ein større del av produksjonsansvaret?

- Korleis unngå at vidareføring av vellukka einskildsatsingar fører til reduksjon i nyskapande prosjekt?

Rapporten peikar også på at Rikskonsertane dei siste åra har gjennomgått endringar på mange område. Særskilt fylkeskommunane har opplevd ein langt større grad av orientering mot samarbeid, og det er oppretta ei rekke kontaktfora med ulike samarbeidspartar. Rikskonsertane har også satsa på synleggjering og har vorte meir profesjonelle når det gjeld administrative oppgåver.

Rapporten kjem til slutt med råd og tilrådingar for å styrke det vidare strategi- og utviklingsarbeidet til Rikskonsertane. Dei seks punkta omfattar satsing på vidare dialog og samarbeid, halde fram med overgangen til ressurs- og utviklingssenter, leggje klarare føringar for dei offentlege konsertane, legge ein brei strategiprosess, strategisk bruk av kommunikasjon og vidare arbeid med ressursutnytting.

2. VURDERING

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt utgangspunkt for denne høringsuttalen er samarbeidsavtalen fylkeskommunen har med Rikskonsertane som omfattar skule- og barnehagekonsertane, i tillegg til at fylkeskommunen overtok ansvaret for all turnélegginga av skulekonsertane i fylket i frå hausten 2007. Arrangørar i fylket mottek også ei rekke offentlege konserttilbod frå Rikskonsertane. Fylkeskommunen har tilsette fylkesmusikarar, og yte dessutan tilskot til distriktsmusikarordninga. Desse musikarane har deler av den utøvande verksemda si knytt til ma. skule- og barnehagekonsertordninga.

2.1 Skulekonsertane

Når det gjeld skulekonsertproduksjonane, heiter det at ein stort mogleg del av konsertproduksjonane skal skje regionalt (St.prp. nr. 1, 2007-2008). Når det operative ansvaret i størst mogleg grad skal ligge hjá fylkeskommunen, stiller det samstundes krav om eit høgt kvalitativt nivå på denne typen produksjonar. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen eit samlingsansvar for 50% av skulekonsertane og Rikskonsertane 50%. Frå hausten 2009 vil dette seie at fylkeskommunen og Rikskonsertane har ansvar for 6 turnéar kvar pr. år. Etter avtalane mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane vart fornøya, har fleire fylke fått utvida sin del av gjennomføringsansvaret for skulekonsertane til 75%. For Sogn og Fjordane sin del er det ein programfagleg styrke at Rikskonsertane er representert med 50% av konserttilbodet, dette fordi RK har eit nasjonalt oversyn når det gjeld gode produksjonar og har eit ansvar for at gode produksjonar vert nytta i heile landet. Slik sett har denne delingen mellom fylkeskommunen og Rikskonsertane tilført fylket mange gode og ressurskrevjande produksjonar dei seinare åra.

Fylkesdirektøren har også merka seg ein større fleksibilitet når det gjeld skulekonserttilbodet, der det er presisert at det skal tilbydast to konsertar pr. år *eller tilsvarande*. Dette ser vi i praksis her i fylket i samarbeidsprosjektet med Trondheim Symfoniorkester som finn stad i Nordfjord hausten 2010.

I kap 4.1.3 vert det hevdat at Rikskonsertane er landets største arbeidsgjevar for frilansutøvarar (800). Det går ikkje fram kor mange utøvarar fylkeskommunane engasjerer, noko som kunne vore ei interessant tilleggsopplysning.

2.2 Barnehagekonsertane

Fylkeskommunen har i dag eit samarbeid med Rikskonsertane om barnehagekonsertar, eit samarbeid som starta i 1992. I dag får alle barnehagane i fylket som ynskjer å vere med på ordninga, tilbod om ein konsert i året. Fylkesdirektøren ser det som ynskjeleg at Rikskonsertane i sine prioriteringa inviterte til ei drøfting om utviding av satsinga på barnehagekonsertane, gjerne i tråd med føringane for skulekonsertane, med to tilbod *eller tilsvarande* pr. år for barnehagane som deltek. Dette vil opne for gjennomføring av større prosjekt for denne målgruppa også. Ei eventuell opprioritering av barnehagesatsinga frå Rikskonsertane vil stille krav om tilsvarande prioritering frå fylkeskommunen si side, då Rikskonsertane og fylkeskommunen i dag deler utgiftene med barnehagekonsertane likt.

2.3 Rikskonsertane, KSYS og Den kulturelle skulesekken

Fylkesdirektøren ser det som positivt at Rikskonsertane legg til rette for utveksling av data mellom turnéleggingsverktøyet KSYS og Rikskonsertane sine eigne system, og føreset at Rikskonsertane kan gå tyngre inn i dette formidlingsverktøyet. Dei fleste fylkeskommunane nyttar denne portalen til ma. skulekonsertar, barnehagekonsertar og offentlege konsertar. Dersom Rikskonsertane hadde teke ei meir aktiv rolle i vidareutviklinga av KSYS, ville verktøyet kunne verte tilpassa og utvikla meir i samsvar med dei krav og utfordringar som gjennomføringa av skulekonsertane medfører, men som ein i dag ikkje er i mål med.

Eit svært positivt innspel for å kunne setje skulekonsertane inn i skulen sine læreplanar er Rikskonsertane si artikkelsamling "Bruk konserten" (4.4.4). Målet er at skulen etter kvart skal få utarbeidd eit "Bruk konserten"-opplegg til kvart einaste skulekonsertprogram. "Bruk konserten" er også veleigna som fagleg forankring for det samla tilbodet innanfor DKS.

Rikskonsertane arrangerte hausten 2009 ein konferanse på Sagene i Oslo om skulekonsertar i vidaregåande opplæring. Fylkesdirektøren ser på dette som eit godt og interessant initiativ, og kulturtilbodet til elevar i vidaregåande opplæring bør etter kvart også omfatte eit musikktildobd som vert kvalitetssikra gjennom skulekonsertordninga.

Det vert i rapporten hevda at tilbodet frå Den kulturelle skulesekken er gratis for kommunane. Dette stemmer ikkje, i Sogn og Fjordane t.d. må kommunane betale kr. 10 pr. elev pr. tilbod i eigendel, mot kr. 9 pr. tilbod pr. elev for skulekonsertane. Det som er forvirrande, er at eigendelen vert kravd inn av høvesvis staten og fylkeskommunen. Dette er eit døme på ei svak/manglande koordinering frå staten si side av ulike satsingar mot kommunane, og bør endrast slik at kommunane har ein instans å forhalde seg til. Det er i den samanheng naturleg at dette vert fylkeskommunen i og med at det i all hovudsak er fylkeskommunen som er den operative aktøren ut mot kommunane.

2.4 Produsentressursane

Eit anna viktig moment er produsentressursane som Rikskonsertane disponerer. Denne kompetansen er med på å kvalitetssikre konserttilbodet innanfor skulekonsertordninga.

Å vere produsent for skulekonsertar vil seie å ha oversyn over ei rekke ulike og samansette fagfelt, der vurderingar om bruk av ekstern kompetanse i tillegg til både økonomiske og musikkfaglege vurderingar inngår som ein viktig del. Produsenten er ansvarleg for at programtilbodet har ein høg kunstnarleg kvalitet. Rikskonsertane si rolle på dette området vert i dag godt ivaretaken gjennom fagsamlingar som inkluderer både kompetansebygging og naudsynt oppdatering innan fagfeltet.

2.5 Programrådet for skulekonsertane

Fylkesdirektøren har også merka seg dei positive endringane som Rikskonsertane sitt programråd har gjennomgått, der det ma. vert lagt vekt på skriftlege tilbakemeldingar. Det er viktig med eit overordna råd for vurdering av produksjonar, dette for at heile landet skal handsamast likt på dette området.

2.6 Ressursutnytting og samarbeid

I kapittel 5.2.3 vert ressursutnyttinga for skulekonsertane drøfta. Fylkesdirektøren vil påpeike at det ikkje er nokon direkte samanheng mellom gjennomsnittleg tal utøvarar pr. program og graden av kvalitet, slik det står i fyrste avsnitt. Derimot vil det gje ein heilt annan fleksibilitet i programplanlegginga dersom gjennomsnittleg tal utøvarar vert auka. Då vil ein kunne levere produksjonar (med høg kvalitet) både med få og mange utøvarar, noko som igjen vil skape ein større variasjon i programtilbodet.

I rapporten vert det også stilt spørsmål om fylkeskommunane utnyttar skulekonsertmidlane betre enn Rikskonsertane. Her i fylket har Rikskonsertane satsa på program med fleire utøvarar dei siste åra (opptil 6 utøvarar), dette for å fylge opp intensjonen om sjangerbreidd og fylkeskommunen sine ynskje når det gjeld programinnhald. Slike program har sjølv sagt også ein større kostnad enn program med 2 og 3 utøvarar. Eit anna moment er at lokale utøvarar ofte har lågare utgifter til reise, diett og opphold, dette på grunn av kort veg heim. Utifra dette vil intensjonen om eit større mangfold når det gjeld utøvarar og sjangerbreidde medføre eit høgare kostnadsnivå.

I rapporten vert Rikskonsertane si viktige rolle som ressurssenter understreka, der Rikskonsertane både bidreg til å styrke kompetansen regionalt gjennom fag- og produsentsamlingar. For å kunne halde fram dette arbeidet vurderer rapporten det som naudsynt med ein viss eigenproduksjon. I rapporten vert det soleis understreka at Rikskonsertane bør stå for minimum 25% av produksjonane for å sikre eit mangfold når det gjeld sjangrar, utøvarar og program frå heile landet og frå andre delar av verda. Dette er også viktig for at Rikskonsertane skal kunne utvikle sine eigen produksjons- og turnéfaglege kompetanse som vil kome fylkeskommunane og heile skulekonsertordninga til gode. Rapporten peikar også på at fylkeskommunane verdset kvalitetsaspektet som Rikskonsertane på denne måten representerer.

Fylkesdirektøren kan stadfeste at Rikskonsertane dei seinare åra har vorte meir samarbeidsorienterte. Dette gjeld også når det gjeld koordinering av rutinar og arbeidsplanar. Rikskonsertane ynskjer også å finne sin plass innanfor Den kulturelle skulesekken, og har td. justert sine rutiner for å kunne tilfredsstille fylkeskommunen sine behov når det gjeld planleggingshorisont.

2.7 Offentlege konserttilbod og tilhøvet til utøvarane

Rikskonsertane har den siste tida satsa på større prosjekt som ikkje konkurrerer med andre frilanstilbod, rett og slett på grunn storleiken. Både "Let it rock" og "Heile Noreg syng" er døme på satsingar som kompletterer konserttilbodet i distrikta, og utgjer ein viktig del av kulturtildboden. Rikskonsertane har soleis framleis ei viktig rolle på dette området når det gjeld det offentlege konserttilbodet.

Rikskonsertane er i gong med å leggje betre til rette for at skulekonsertutøvarar som er på turné også skal kunne representera eit tilbod for eit vanleg publikum på kveldstid. Her har Rikskonsertane ei unik rolle som forvaltarar av både eit offentleg konserttilbod og eit skulekonserttilbod. Etter fylkesdirektøren sitt syn har det vore for vasstette skott mellom desse avdelingane, og det bør vurderast om det bør satsast meir på at skulekonsertutøvarar får

musisere på kveldstid samstundes som kveldskonsertutøvarar får spele konserter på skular. Dette vil kunne føre til eit rikare og breiare tilbod for alle partar.

Rikskonsertane har planar om å opprette fleire fora, ma. eit utøvarforum (6.2). Det er svært positivt å setje fokus på ei resirkulering av den enorme erfaringa og kompetansen som mange utøvarar med lang fartstid har tileigna seg. Til no har denne ressursen vore for lite utnytta.

2.8 Rikskonsertane og turnélegginga av skulekonsertane

Fylkeskommunen overtok i 2007 turnélegginga frå fylkesmannen si utdanningsavdeling. Kompensasjonen for dette arbeidet er i dag svært låg sett i høve til omfanget av denne oppgåva. Ei særskilt og tidkrevjande utfordring er at timeplanane på SM-steget i grunnskulen gjer føremålstenleg turnélegging til ei nærmast umogleg oppgåve. Når utøvarane må køyre att og fram i turnéområdet på grunn av timeplanar som ikkje høver for den einskilde skule, representerer dette ein meirkostnad på turnébudsjettet, i tillegg til ein meirkostnad for heile ordninga. I rapporten vert ikkje turnélegginga drøfta, trass i at dette er ein viktig føresetnad for konsertilbodet skal fungere for både publikum og utøvarar. Denne kompensasjonen må aukast.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til det som er sagt over, og støttar i hovudsak konklusjonane i rapporten. Satsing på dialog og samarbeid, betre ressursutnytting (ma. KSYS), utvikling av samarbeidet innanfor Den kulturelle skulesekken, ein gradvis overgang til ressurs- og utviklingscenter og tydlegare føringar for dei offentlege konsertane er viktige konklusjonar. Fylkesdirektøren ser fram til det vidare samarbeidet i perioden 2010-2013.



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Fylkeshuset, møterom Utla
Møtedato	20.01.2010
Kl.	0900 – 1020

Faste medlemer til stades:

Sissel Loen, H, leiar
Harry Mowatt, Ap, nestleiar
Gunnvor A. Sunde, Ap
Randi Rønneklev Melvær, Sp
Nils Gjerland, Sp
Mari Andrea Ness, Sp
Jostein Inge Kvalsvik, Frp
Norunn Lunde Furnes, KrF
Kåre Jarl Langeland, V

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet: Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 24.11.09 vart godkjend utan merknader.

SAK 1/10

Budsjett 2010 - fordeling

VEDTAK:

1. Samla kulturbudsjett på kr. 50 896 000 vert fordelt slik på følgjande tenester for 2010:

Teneste 5001 Tilskot til lag og organisasjonar	kr 6 546 000
Teneste 5002 Utvikkingstiltak	kr 3 600 000
Teneste 5004 Bibliotekføremål	kr 5 554 000
Teneste 5005 Arkivføremål	kr 5 111 000
Teneste 5007 Museum	kr 14 107 000
Teneste 5008 Knutepunktinstitusjonar	kr 8 059 000
Teneste 5009 Kulturformidling	kr 7 919 000

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å sjå tenestene 5001, 5002, 5004, 5005, 5007, 5008 og 5009 i samanheng.

SAK 2/10

Høyring - gjennomgang av Rikskonsertane si verksemd

VEDTAK:

1. Rapporten ”Nye tider – nye takter. Ein gjennomgang av Rikskonsertane” vert teken til vitande.
 2. Det vert tilrådd at Rikskonsertane held fram med å styrke si rolle som ressurs- og kompetansesenter for både skulekonsertar, barnehagekonsertar og offentlege konsertar, med eit særskilt ansvar for samordning og ressursutnyttinga av det samla konserttilbodet.
 3. Rikskonsertane har ei utfyllande rolle i høve fylkeskommunen sitt programtilbod.
 4. Kommunane si eigenbetaling pr elev for skulekonsertordninga vert omorganisert og samordna med innbetalinga til Den kulturelle skulesekken. I tillegg må kompensasjonen for turnélegginga av skulekonsertane aukast monaleg.
-

SAK 3/10

Skriv og meldingar

VEDTAK:

1. Utkast til ny verneplan for fartøy 2010 - 2014 - adm. uttale
2. Verdsarvområde i Nærøyfjorden - referat frå møte i rådgivande utval 10.12.2009
3. Førde Internasjonale Folkemusikkfestival 2007-2010 - protokoll frå representant-
4. Søknad om driftsmidlar - Ausevik
5. Sogndal - Sognahallen AS - om klage på avslag om spelemidlar til skifte av kunst-
6. Sogndal stadion - Kvåle, omlegging til kunstgras på fotballbane, brev frå Kulturdept.
7. Sogndal stadion - Kvåle, legging av kunstgras på fotballbane, brev frå Sogndal kommune
8. Informasjon frå Riksantikvaren om åpning av databasen Kulturminnesøk
9. Informasjon frå Statens Kartverk om Matrikkel med kulturminner
10. Veganlegg i Statens Vegvesens eie - vedtak om freding ved forskrift med hjemmel i lov
om kulturminner
11. Vedrørende høringsuttalelser til Forvaltningsplaner for veganlegg
12. Lokalt kulturliv i fokus - konferanse på Skei 25.- 26. Januar
13. Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013, vedteken i
Fylkestinget 13.10.09

Muntleg orientering:

14. Utviklingsplan for Den Kulturelle skulesekken
15. Strategisk plan for bibliotekutvikling
16. Møteplan 2010 - møtestadar.

Møte 24. februar vert avlyst.

Neste møte vert 16. – 17. mars.

Utvælet ynskjer å legge møta framover til Eid, Førde og Vik.